

MOTTATT

18 AUG. 2021

Tveit Regnskap AS  
Autorisert regnskapsførerselskap

Organisasjonsnr: 984 388 241 MVA  
Bankkonto: 3243 40 00032

**Karmøy Kommune**  
v/Helge Hustoft  
Rådhuset, PB 167  
4291 KOPERVIK

Skjold, 16.07.2021

**Søknad om frådelling gardshus nr 2 og kai-område på g.nr. 87, bnr. 4/5 i Karmøy Kommune, sak 21/4461**

### Innleing

Underteikna er beden om å assistere i høve søknad om deling grunneigedom i Karmøy Kommune.

Gerd Matland Lohne overtok gardsbruket g.nr 86 b.nr 4, g.nr 87 b.nr 4 og 5 frå mora Dagny Matland 15. februar. Mora Dagny har burett på hovud bruket g.nr 86/4 (Veldevegen 70), medan Gerd og ektefella Thor Otto Lohne bur i gardshus nr 2 på g.nr 87/5 (Veldevegen 61).

I etterkant av overdraginga kom g.nr 87, b.nr 15 og 39 (Veldevegen 55) for sal – dette vart kjøpt av Thor Otto Lohne 17. mars 2021.

Gerd og Thor Otto Lohne har ikkje bruk for 3 bustadhus så nært opp til kvarandre – og gardsbruket har ikkje bruk for meir enn 2 bustadhus uansett. Driftsbygning og driftssenter ligg på g.nr 86/4 og gardshus nr 2 (Veldevegen 61) ligg noko lengre sør på eigedomen – om lag 200 meter frå driftsbygningane. Gerd og Thor Otto Lohne ynskjer å gjer eit makebyte der hovudbruket overtek g.nr 87/15 Veldevegen 55 – mot at Veldevegen 61 blir delt få eigedomen og blir eiga sjølvstendig eining med eige g.nr og b.nr. I tillegg ynskjer ein at mindre jordareal g.nr 87 b.nr 39 på om lag 300 m<sup>2</sup> blir samanføya med driftseininga g.nr 86 b.nr 5 og g.nr 87 b.nr 4 – men dette under føresetnad av at deling kan gjennomførast. Veldevegen 55 ligg betydeleg nærare driftsbygning, kunn om lag 70 meter unna.

Veldevegen 55 er etter overtaking vorten totalrenovert med ny pipe og omn, alt elektrisk er skifta og det blir montert nytt bad og kjøken – samt måling, tapetsering og nye golv i heile huset. Dreneringa er òg oppgradert.

På g.nr 87 b.nr 4 som òg Gerd Matland Lohne eig ligg det eit mindre område mot vågen – i sundet mellom Forøya og Stutøya (i bakkant av Stutøya ligg Husøy Fiskerihamn). Området er i kommuneplanen for Karmøy 2014-2023 merka kai/fortøying – med eit mindre område merka som friområdet. Men det er òg utarbeidd reguleringsplan med nr 434 for området Velde Nordøst. Dette området er i hovudsak regulert til kai, fortøying m.v. Området er lite og har ingen betydning for landbruksdrifta på eigedomen – utgjer kunn om lag 200 m<sup>2</sup>. Gerd Matland Lohne ynskjer dette området frådelt frå g.nr 87 b.nr 4.

MOTTATT

18 AUG. 2021

### Omsøkt tiltak

Det blir med dette søkt om:

- Oppretting ny grunneigedom PBL §20-1, bokstav m (oppretting av ny eigedom)
- Dispensasjon fra kommuneplanens arealdel (LNF-område)
- Deling iht. Jordlova sin §12.

### Oppsummering

Det blir søkt frådeling av parsellar som merka på vedlagt kart (merka raudt), frådelinga omfattar bustadhus tilhøyrande g.nr 87 b.nr 5 – arealet utgjer om lag 2.000 m<sup>2</sup>. Vidare ynskjer ein frådelt kai-område g.nr 87 b.nr 4 om lag 200 m<sup>2</sup>.


Omsøkt frådeling vil som nemnt over ikkje påverke driftsgrunnlaget for g.nr 87 b.nr 5 m.fl. – og hovudbruket får tilført ny bueining og noko areal.

### Vedlegg:

Kart over omsøkt parsell

for Gerd Matland Lohne og Thor Otto Lohne

Med venleg helsing



Andreas S. Lundegård

Autorisert rekneskapsfører/seniorrådgjevar

Landbrukstakstmann Norsk Takst.

Telefon: 98 25 39 25

E-post: [andreas@tveit.no](mailto:andreas@tveit.no)

Tveit Regnskap AS

avd. Skjold landbruk